

Søknad

Søknadsnr.	2015-0118	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Tettstadforming 2015			
Prosjektnavn	Paviljong - Nordøyrane friområde - Nordfjordeid			

Kort beskrivelse

Det vert søkt om støtte til etablering av paviljong ved fotenden av Nordfjorden i nye Nordøyrane friområde. Paviljongen skal gje moglegheit for samankomst og rekreasjon året gjennom i Nordfjordeid sentrum.

Prosjektbeskrivelse

Nordøyrane friområde inngår i reguleringsplan for Nordøyrane sør for Fargarelva, og skal etablerast i nordenden av Sjøgata i Nordfjordeid sentrum.

Friområdet ligg inst i fjorden og vil saman med nabotomtane i nord og sør danne avslutning av fjorden mot land. Areal på sida av friområdet er eller er i ferd med å fyllast ut. Området vil grense til planlagd tomt til opplevings-senteret Sagastad, og vil liggje i nærleiken til Eid kyrkje, den nyetablerte Klatreparken og i nærleik til både bustadområder, skule og handelssenter.

Nordøyrane friområde skal vere ålment tilgjengeleg, lyssett og skal innehalde universelt tilgjengeleg badestrand og eit aktivt grøntområde. I grøntområdet skal det etablerast overbygd paviljong med grillplass, sandvolleyballbane, trimapparat, opphaldsplassar i ly for vind og leikeområde. Interne vegar skal sikre tilgjenge for rullestol, barnevogner ol. Målsetjinga er at området skal nå alle innbyggjarane og tilreisande.

Det vert søkt om støtte til etablering av paviljongen i prosjektet. Paviljongen er viktig for bruken av friområdet, men den er vel så viktig for brukarane av dei offentlege tilboda som ligg i nærleiken til friområdet. Og for turistar og tilreisande.

Paviljongen skal ha tak, og vil såleis vere ein stad ein kan søkje ly, møtast og gjerne grille året rundt.

Skular og barnehagar ligg i gangavstand til området, og friområdet gjev moglegheit til å utforske fjøra og naturen rundt gjennom heile året. I paviljongen kan ein ete nista eller grille. Rett over vegen ligg Kyrkjeparken med den nyetablerte Klatreparken. Klatreparken er allereie i bruk, og Paviljongen gjer det mogleg å søkje ly for ver og vind for brukarane av Klatreparken.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Eid kommune ved rådmannen Org.nr:938521816	Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID	90536157

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Kontakt-person	Kristine Dahl	Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID	90536157
Prosjekt-leder	Einar Hessevik	Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID	90868741

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Det er tidlegare sendt inn søknad om tettstadmidlar. Avslag motteke.

Det er gjeve tilsagn om støtte til heile prosjektet av Sparebanken vest. Tilskotet er på kr. 500 000, og vert utbetalt i 2016.

Spesifikasjon**Bakgrunn**

Frimområdet inngår i reguleringsplanen for Nordøyrane frå 2009, der området er avsett til offentleg friområde. I reguleringsføresegn punkt 6.1 er det sagt følgjande:

OFFENTLEGE FRIOMRÅDE

Områda er avsett til offentleg friområde park og badestrand. Det kan leggjast til rette for aktivitetar i tråd med formålet.

Til dømes kan både basseng, sandvolleybane og mindre ballbaner etablerast. Det er tillate å oppføre bygg, som t.d. garderobe, lager og sanitæranlegg, i tråd med bruken av området. Bygg kan ikkje oppførast i meir enn ein etasje

og skal plasserast sør for byggjegrænse vist på plankartet. Golv må etablerast over kote 2,8 moh. Før utbygging skal det utarbeidast detaljplan for området i målestokk 1:200, som viser materialbruk/belegg, høgder på terreng,

overvasshandtering, planting, belysning og møblering. Planen skal utarbeidast i samråd med Eid Kyrkjelege fellesråd og Naturvernforbundet i Eid.

Det kan etablerast kai og brygge i tråd med bruken av området.

Reguleringsplanen la med dette til rette for etablering av eit offentleg friområde i nordenden av Nordfjordeid sentrum, og det er desse planane som no vert realiserte. Til no har friområdet i Nordfjordeid vore sentrert i sør rundt Eidselva, ved eksersisplassen/Jektehola, og ved leveutløpet Osvika/Sørøyrane. Avstanden frå skule, barnehage og bustadområda til friområdet har med dette blitt langt for mange brukargrupper. Eit friområde i nordenden er difor nødvendig. Friområdet avsluttar allereie planlagde fyllingar i fjorden på ein god måte og tilfører området viktige kvalitetar.

Med unntak av eit overbygd scenebygg i Malakoff/eksersisplassen, så har vi i dag ikkje overbygde møteplassar for ålmenta i Nordfjordeid sentrum. Paviljongen er difor viktig.

Prosjekt mål

I prosjektplanen har ein satt som resultatmål å opparbeide området i samsvar med reguleringsplanen. Forprosjektet som er levert av Multiconsult viser at resultatmålet kan nåast.

Effekt målet er å auke trivselen til innbyggjarane. Dette meiner vi at vi kan oppnå i form av å skape

møteplassar som er offentleg tilgjengeleg og som har ei form og eit uttrykk som gjer at den inviterer og inkluderar. Ein paviljong er viktig, fordi vi ikkje har tilsvarande møtestad i sentrum. Vi meiner at plasseringa elles er svært gunstig plassert med tanke på å nå alle gruppene i samfunnet. Vi viser her til at paviljongen har kort avstand til handelssenter, Klatrepark, kyrkja og bustadområdet. Området ligg elles lett tilgjengeleg frå riksvegen.

Om målet er nådd, må avklarast gjennom obeservasjonar og samtaler med brukargruppene. Innbyggjarundersøkingar er også aktuelle.

Paviljongen inngår i eit større prosjekt, med høg kostnadsramme. Eit tilskot vil vere med på å sikre at delprosjektet knytt til paviljongen vert realisert.

Forankring

Nordøyrane friområde inngår i reguleringsplan for Nordøyrane sør for Fargarelva.

I 2012 vart det starta eit forprosjekt for utbygging av friområdet. Forprosjektet vart godkjent av Eid formannskap i møte den 24. januar 2013.

Utbyggingssaka vart vidare handsama av Samfunnsutviklingsutvalet den 21. august 2013, formannskapet den 29. august 2013 og i Eid kommunestyre den 26. september 2013. I september 2013 gjorde kommunestyret vedtak om at det skulle jobbast vidare med saka om opparbeiding av Nordøyrane friområde. Vidare vart det mellom anna vedteke at det skulle jobbast vidare med finansieringa av prosjektet, t.d. gjennom tettstadutviklingsmidlar.

Den 11. desember 2014 gjorde Eid kommunestyre vedtak om at utbyggingsprosjektet skulle innarbeidast i budsjettet for 2015 og vidare i økonomiplanen. Det vart sett som vilkår for igangsetting at det innan 1. april var komen ei avklaring av om Moengårde ville kome i gang med bygging av nytt kjøpesenter eller at Sagastad ville bli realisert. Moengården har gjennom Amfi stadfesta at utbyggingsplanane skal realiserast.

Prosjektet er med dette forankra politisk gjennom reguleringsplanen, gjennom godkjenning av prosjektplan og gjennom vedtak om finansiering.

Prosjektorganisering

Oppdragsgjevar:

Kommunestyret

Politisk styringsgruppe

Samfunnsutviklingsutvalet

Administrativ styringsgruppe

1. PA- Elin Leikanger

2. Leiargruppa

- Rådmann

- Kommunalsjef for helse og omsorg

- Kommunalsjef for skule og oppvekst

Prosjektgruppe

1. Prosjektleder- Einar Hessevik

2. Medlemmar:

Kristine Dahl, plan- og utviklingssjef

Tore Nyhammer-Taklo, driftssjef

Kristina Kostoupolos, folkehelsekoordinator

Samarbeidspartnere

Kommunen har vore i kontakt med Sparebanken vest, som vil yte eit tilskot på kr. 500 000 til etablering av friområdet. Det er tidlegare sendt søknad om tettstadmidlar til heile prosjektet. No vert det søkt om støtte til etablering av paviljongen i prosjektet.

Forutan dei politiske organa, så har ungdomsrådet og rådet for funksjonshemma har vore delaktig i prosjektarbeidet. I samband med godkjenning av reguleringsplanen vart det lagt opp til høyring og uttale.

I vår vart det også halde eit ope møte der kommunen, VAKN og handelsstanden i Eid inviterte alle i kommunen til å kome med innspel til korleis Nordfjordeid sentrum skal utvikle seg i framtida. Og under "Påsketreffet" i Operahuset vart det vist ein film som viser korleis Eid kan sjå ut i 2020. Over 200 menneske var tilstade på treffet, og fekk presentert den nye strandlina. Og det vart opna for debatt og samtaler etter dette.

Aktivitetar

Området skal no fyllast ut i samsvar med forprosjektet og reguleringsplanen.

Prosjektet har vore ute på anbod, og entreprenør er valt. Det er vidare gjeve rammeløyve for fyllingsarbeidet, og søknad om igangsettingsløyve vert sendt innan kort tid.

Når fyllinga er etablert, så vil ein i løpet av 2016 gå i gang med planering og gjennomføring av prosjektplanen.

Målgrupper

Målgruppa er befolkninga generelt. Både innbyggjarane og tilreisande.

Resultat

Resultatet av prosjektet er nådd når friområdet er opparbeidd og teke i bruk. Eid sentrum har då fått eit friområde som det er mogleg å nytte heile året, og til ulike aktivitetar som når alle brukargrupper. Når prosjektet er fullført har vi vidare fått ei komplett ny strandsone, som visuelt sett er svært viktig for kommunen. Vi har då fått avslutta eit arbeid som har pågått over lang tid.

Effekter

Effekten av prosjektet skal vi kunne sjå ved at menneske i samfunnet, åleine eller saman med andre, har ein stad å gå til og ein stad å vere.

Området er plassert i eit område med aktivitet rundt seg. Her er kyrkja og Kyrkjetunet, Klatreparken og Kjøpesenter. Samstundes er det mogleg å nytte fjorden og naturen rundt. Vi ser dette som positivt.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Det er gjeve rammeløyve for utfylling av området i samsvar med reguleringsplanen. Igangsettingsløyve skal sendast byggesaksavdelinga innan kort tid. Arbeidet skal etter avtale med entreprenør vere ferdig 1. juni 2016.

I prosjektplanen er det beskrive korleis arbeidet skal gjennomførast.

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Asfaltering veg (60 m2 x kr. 150)	9 000					9 000
Avfallsbeholdar (2 stk x kr. 9750)	19 500					19 500
Belegningsstein (120 m2 x kr. 1419)	170 280					170 280
Belysning (1 stk.x kr. 30 000)	30 000					30 000
Benkar (13 stk. x kr. 16 390)	213 070					213 070
Bepantning	15 000					15 000
Bord (5 stk. x kr. 13 090)	65 450					65 450
Drenering/avløp	22 000					22 000
Fylling (2200 m3 x kr. 65)	143 000					143 000
Grasplen (300 m2 x kr. 37)	11 100					11 100
Grill (3 stk.)	50 000					50 000
Paviljong	152 900					152 900
Rigg og drift	35 000					35 000
Terrassegolv av tre (25 m2 x kr. 990)	24 750					24 750
Utlegging lausmasser (400m2 x kr. 130)	52 000					52 000
Sum kostnad	1 013 050					1 013 050

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Kommunale midlar	607 830					607 830
Tettstadforming 2015	405 220					405 220
Sum finansiering	1 013 050					1 013 050

Geografi

1443-Eid

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Forprosjekt.pdf	1 755 072	26.05.2015
Nordøyrane frå sjø.png	1 394 677	28.05.2015
Overslag grillplass (2).pdf	184 248	26.05.2015
Planhefte.pdf	3 085 500	26.05.2015
Prosjektmandat.docx	39 904	26.05.2015
Situasjonsplan.pdf	1 865 013	28.05.2015



Nordøyrane friområde

Forprosjekt



31.10.2012



	31.10.2012	Forprosjekt	11	ASL/AF	IH	ÅM
Rev.	Dato	Tekst	Antall sider	Utarb. av	Kontr. av	Godkj. av

RAPPORT

Oppdrag:	Nordøyrane friområde	Oppdrag nr.:	614266
Emne:	Forprosjektrapport	Dokument nr.:	
		Dato / rev.nr.:	31.10.2012
Tilgjengelighet:			
Utarbeidet av:	A.Flesjø, S.A.Haugen, A.S.Lingaas; L Dypvik, A. Strømme, M. Helleand, Bj.	Sign.:	
Kontrollert av:	Inger Hageberg	Sign.:	
Godkjent av :	Åsta Midtbø	Sign.:	

SAMMENDRAG

Dette forprosjektet inneheld eit friområde som inneheld badestrand og eit aktivt grøntområde Grillplass, sandvolleyballbane , trimapparat og opphaldsplassar i ly for vind er vist i forslaget

Eit trapeanlegg er utforma mellom grøntarealet og sandstranda for å ta opp høgdeforskjellen. Trappa er utforma med handicaprampe og er dimensjonert for at traktor kan ta seg ned til vasskanten.

Parkering for 24 bilar der 4 plasser er sett av for rørslehemma er plassert søraust i friområdet med innkøyring frå Sjøgata.

FORORD

Rapporten omhandlar bakgrunn og hovudgrep for utarbeiding av forprosjekt for Nordøyane friområde.

INNHALD

1	BAKGRUNN	4
2	HOVUDGREP	4
2.1	GOD FORMGJEVING VED AVSLUTNING AV FJORDEN MOT LAND.....	4
2.2	SAMANHENG MELLOM STRANDAREAL OG ØVRE DEL AV FRIOMRÅDET.....	4
2.3	GRØNT PREG OVAFOR EROSIJONSSONA.....	5
2.4	GOD TILKOMST TIL ALLE DELAR AV FRIOMRÅDET.	6
2.5	KØYRBAR TILKOMST, PARKERING, GANGVEGAR.....	7
2.6	AKTIVITETSANLEGG.....	7
2.7	KONSTRUKSJONAR.....	8
2.8	VEGETASJON.	9
3	PLASTRING OG FYLLING	9
4	LYSANLEGG OG EL. INSTALLASJONAR TIL BADEHUS	9
5	VA LØSNING FOR BADEHUS	10
6	KOSTNADAR	11

VEDLEGG (innheftet bak i rapporten)

1. Notat Rig-001 rev.01

TEIKNINGAR SOM VEDLEGG TIL RAPPORTEN

O001 SITUASJONSPLAN

H100 VA LØSNING FOR BADEHUS

1 Bakgrunn

Multiconsult har fått oppdraget med å utarbeide forprosjekt for Nordøyrane friområde på Nordfjordeid.

Arbeidet bygger på vedteken reguleringsplan for Nordøyrane sør for Fargarelva datert 17.09.2009. Her er friområdet regulert til park, badestrand, friluftsområde i sjø/vassdrag og gang-/sykkelveg. Friområdet er på i underkant av 20 daa.


2 Hovudgrep

2.1 God formgjeving ved avslutning av fjorden mot land.

Friområdet ligg inst i Eidsfjorden og vil saman med nabotomtane i nord og sør danne avslutning av fjorden mot land. Areala på sida av friområdet er eller er i ferd med å fyllast ut. Ei god form på friområdet er viktig for å få ein tiltalende overgang mellom fjorden og landareala inst i fjorden. Tangen i nordvest er særleg viktig for å binde saman areala nord og sør for friområdet og hindre at friområdet dannar eit umotivert innhogg i strandlina. Å få god form på strandlina internt i friområdet er ein del av same problemstillinga og er vektlagt høgt. Av den grunn fylgjer ikkje framlegget til utforming av friområdet grensa mellom park og friluftsområde i sjø i reguleringsplanen heilt nøyaktig.


2.2 Samanheng mellom strandareal og øvre del av friområdet.

Det meste av parken er tenkt lagt slik at den heller svakt frå Sjøgata ned mot fjorden og ligg i høgde med areala aust og sør for friområdet. For å sikre at fjorden ikkje grev seg inn i landareala er overgangen mellom fjorden og landareala i resten av strandsona utforma som ei plastra bratt skråning. Dette gjev liten kontakt mellom vatn og landareal. I friområdet er det ynskje om at heile friområdet skal danne ein heilskap og at det skal være god kontakt mellom alle delar av friområdet. For å knyte strandareala saman med parken og samstundes ha ein erosjonssikker kant mot fjorden, er overgangen ved badeplassen foreslått utforma som ei sittetrapp som famnar om stranda.



Snitt gjennom sittetrapp

Trappa tek opp ein nivåforskjell på 2,1 meter, samstundes som den innbyr til opphald og god tilgjenge mellom dei lågare og høgare delane av friområdet. Ei rampe på skrå i trappeanlegget sørgjer for universell tilkomst til areala ved stranda. Rampa er dimensjonert slik at ein traktor og kan komme seg ned til stranda. Trinna i sittetrappa har opptrinn på 30 cm og inntrinn på 60 cm. To stader vil det verte bygd mellomtrinn som er betre å gå i enn sittetrappa. Trappa må byggjast av så store steinar at den er erosjonssikker.



Overgang sittetrapp / murfront



Sand leik i strandkanten

2.3 Grønt preg ovafor erosjonssona

Friområdet grensar mot Sjøgata med biltrafikk og område for kontor, næring og bustad i sør. I tillegg ligg helikopterplassen rett ved friområdet. Både mot Sjøgata og næringsområdet vil det vere verdfullt med ei omramming eller skjerming. I tillegg til vegetasjon viser utkast til plan terrengformer med lave vollar og haugar i utkanten av friområdet. Dette vil til dels stenge ute påverknad frå dei omkring liggjande areala med biltrafikk, men vil utformast slik at kyrkja og kyrkjetunet framleis har fjordkontakt og at kyrkja står fram som eit signalbygg sett frå fjorden. Terrengformene gjentek i mindre format terrengformene i gravhaugane på Eid.


I tillegg til å skjerme friområdet mot areala utafor, er formene med på å dele opp friområdet i soner med ulik aktivitet, og danne opphaldsstader i ly for solgangsbrisen. Store grasareal for opphald og soling vil setje sitt preg på den øvre delen av friområdet.



Gravhaug til inspirasjon

2.4 God tilkomst til alle delar av friområdet.

I reguleringsplanen er det ikkje vist tilkomst til tangen i nordvest innafor friområdet. I forslaget til utforming av friområdet har vi trekt grensa mellom friluftsområdet i sjø og parken litt lenger sør enn i reguleringsplanen. Slik kan ein komme til tangen innafor friområdet.



Mur som avslutning mot Fargarelva

2.5 Kjørbar tilkomst, parkering, gangveggar.

Det er ikkje regulert inn avkjørsel til friområdet frå Sjøgata. Parkeringa er lagt til sør austre hjørnet av parken. Det er sett av plass til 17 bilar for funksjonsfriske + 4 bilar for funksjonshemma. Avkjørsel til friområdet er lagt inn frå Sjøgata. Sanitærbygget er plassert vest for innkøyringa slik at det har kjørbart tilkomst. Om ynskjeleg kan det plasserast ein stor underjordisk avfallscontainer i området. Det er mogeleg å snu ein stor lastebil i samband med sanitærbygget og parkeringsplassen. Gangvegane er 3 m brede og er tenkt asfaltert. Unntaket er arealet aust for sittetrappa som er planlagt som ein del av trappeanlegget og difor er vist med steindekke.

2.6 Aktivitetsanlegg



Eksempel på sandvolleyballanlegg.

Søre del av friområdet er sett av til aktivitetsanlegg for ungdom og vaksne. Planforslaget visar ein sandvolleyballbane og eit rullebrettanlegg. I tillegg er det tenkt plassering av treningsapparat vest for rullebrettanlegget eller fordelt langs gangvegen med større avstand mellom apparata.



Eksempel på område med treningsapparat

Den austre delen av parken er sett av til varierte aktiviteter med store grasareal for soling badminton, crockett og liknande. Her er også ein sitteplass med benkar og ein fast, stor grill. Lenger mot nord er det ein lekeplass for mindre born med sandkasse, disse og klatreapparat.

2.7 Konstruksjonar

Den største konstruksjonen er trappeanlegget som skal danne fronten mot fjorden der det ikkje er mur eller plastring. Trappa er tenkt bygd av store naturstein av same steinsort som steinen i murar og plastring. Trappa er meint som ei trapp for opphald der ein kan sitja eller liggje på fine sommardagar. Lengda på trappa kan om ynskjeleg gjerast kortare, men det er ein fordel om ho heng saman med storleiken på stranda.

Brua over Fargarelva er tenkt som ein enkel bru i tre og stål.

Brua kan utføres som ei bjelkebru i tre. Brua fundamenteras på pelar ramma i ei avstand på ca 5,0m med to pelar i breidda. Pelane kan være trepelar eller stålpelar såkalla «mikropelar». Dersom ein veller stålpelar støypas det pele åk i form av betongbjelke på tvers mellom peleparet. På betongbjelkane leggas limte dragarar i bruas lengderetning, kor på det leggas brutekke i treplankar. Ved val av trepelar stivas desse av på kryss og det leggas peleåk av treplankar som boltas fast i peletopp. Vidare konstruksjon blir som for stålpelar.



Bru bygd til Valseverkparken i Bergen

Ei baderampe er planlagt frå den sørlege enden av sittetrappen. Rampa blir lang sidan stranda er langgrunn. Rampa er tenkt i naturstein med eit enkelt rekkverk.

2.8 Vegetasjon.

Tre og gras vil dominere vegetasjonsbiletet. I tillegg vil ein nytte buskfelt der ein ynskjer å forsterke innramminga av enkeltområde og skape le for vinden. I tilknytning til sitjeplassar vil ein og finne blomar eller blomstrandende buskar. Planteslaga vil tole eventuell saltsprut frå fjorden.

3 Plastring og fylling

Friområdet er tenkt fyllt opp med sprengstein tilført til området frå steinbrot i nærleiken eller annan tilgjengeleg sprengstein. Sprengsteinen fyllas på eksisterande botn utan at det er naudsynt å fjerne massar av stabilitetsomsyn. Det er derimot usikkert om det er naudsynt å mudre i bukta for å betre badetilhøva. Eventuelle massar frå utsjaktninga kan i tilfelle nyttas som fyllmassar til oppbygging av fyllinga.

Det er tatt med fin sand for fylling i strandkanten. Denne skal dekke eller erstatte dagens sand som inneheld ein del stein. For å hindre at eksisterande stein kjem opp i overflata på nytt kan det bli naudsynt å legge ut fiberduk eller eit lag med grus før ein legg ut sanda. Om bølgjene vil frakte sanden til fjords eller om steinar frå eksisterande sandbotn vil skylje inn på stranda må erfaras over tid. Eventuelle tiltak kan fyrst settast i verk når ein ser korleis anlegget oppfører seg.

4 Lysanlegg og el. installasjonar til badehus.

Det er vist belyningsanlegg langs gangvegar og parkeringsplass, samt strømforsyning til badehus. Det er tenkt at lys og badehus får strøm frå trafokiosken som ligg ved kyrkjegarden i sør, og at eit eige kabelskap settas opp i nærleiken av badehuset. Det må då gravas ny kabelgrøft for å få fram lågspent kablane.

Det er og planlagt eit større forretningsbygg i sør som mest sannsynlig skal forsynas frå trafo ved Moengården vest. Dersom det er mogeleg i forhold til tidsrom og planlegging kan det være aktuelt å kombinere begge disse prosjekta for å få ned kostnaden på graving av kabelgrøft ol. Når det gjeld lys på tangen må det skaffas strøm frå området nord for friområdet eller frå friområdet, vi må då ha strømforsyninga under brua.

Lysanlegg langs gangveg og parkeringsplass utformas med lave master som passer inn i miljø og omgivelser. Det bør være robuste master som er beregnet på det vêrharde miljøet de skal stå i. Lampene bør være mest mulig energieffektive og med varmkvitt lys. Mastene langs strandpromenade plasseras med ca 20m avstand og maksimum 6 meters høgde. (se situasjonsplan)

Vi foreslår at lysarmaturar ved parkeringsplass har same utforming som belysning langs strandpromenaden.

Elektro Installasjoner i badehuset er ikkje med i forprosjektet

Eksempel/forslag til lysarmatur:



300 lumens
3000K warm white

CitySpiral – storbyvart
CitySpiral Class Series

CitySpiral er en serie av vart for gatebelysning som er utviklet for å gi fremragende, moderne og høykvalitets belysning til de fleste typer offentlige utrykkel. Serien har en elegant design som kombinerer moderne estetikk med den gamle håndverksmessige CitySpiral-armaturene og gir et utmerket resultat. Designet er produsert og perfekt utvalgt ut fra et bredt utvalg av produktene og alle mulige utfordringer som oppstår i tillegg til det som generelt gjelder for alle utarmaturer er mindre dimensjoner enn de fleste CitySpiral-konstruksjoner. For å sikre kompatibilitet med de fleste LED-armaturer er det benyttet en standard dimensjon for alle vartene, noe som gjør dem enkle å installere og vedlikeholde.

CitySpiral er tilgjengelig i 100W og 150W med ulike LED-armaturer som LED eller Highbay med ulike typer reflektorer. Designet er tilgjengelig i flere farger. CitySpiral er tilgjengelig i LED-armaturer som er tilgjengelige i ulike farger som er tilgjengelige i ulike farger. Designet er tilgjengelig i ulike farger som er tilgjengelige i ulike farger. Designet er tilgjengelig i ulike farger som er tilgjengelige i ulike farger.

PHILIPS
sense and simplicity

5 VA løsning for badehus

VA løysing for prosjektet er å leggje til rette for vatn og avløpsleidingar til badehuset søraust i friområdet. Vi foreslår at badehuset blir utstyrt med et handiapttoalett og eit herre/dame toalett samt mogelegheit for uttak til utvendig dusj.

Vassleiding 40 mm PE.

Spillvatn 110 mm PVC sjølvfallsleiding.

Desse kan knytast til eksisterande VA-leidningar i hovudvegen.

6 Kostnader.

Det er store kostnader i samband med å fylla opp området og å lage ein erosjonssikker fyllingsfront. I tillegg kjem kostnader med å opparbeide arealet til eit hyggeleg friområde med ulike aktivitetstilbod. Kostnadsoverslaget er delt opp i trinn I (oppfylling og fyllingsfront) og trinn II (innreiing av området til friområde). Kostnadsoverslaget angir kostnadene i kr. eks. mva. I tillegg til kostnadene som kjem fram nedanfor må ein rekne med eit tillegg på min. 10 % for forhold det ikkje er tatt høgde for på dette stadiet i prosessen.

NORDØYRANE FRIOMRÅDE, EID

KOSTNADSOVERSLAG FORPROSJEKT

Beskrivelse	Enhet	Mengde	Enhetspris kr	Kostnad
Kostnader i trinn 1				
<i>Fylling, fyllingsfront</i>				
Oppfylling i øst og sør	m3	50 000	150	7 500 000
Oppfylling i nord og tangen i vest	m3	8 000	150	1 200 000
Plastring av fyllingsfront	m2	1 825	1 000	1 825 000
Natursteinsmurar langs Fargarelva	m2	175	3 000	525 000
Sittetrapp	m2	605	3 000	1 815 000
Sandstrand, tykkelse 0,3 m	m3	240	500	120 000
<i>Bru over fargarelva</i>				
Bjelkebro i tre	lm	17	13 000	221 000
Peler, 10 stk	lm	90	1 700	153 000
Sum trinn 1 eks. mva.				13 359 000

Kostnader i trinn 2

<i>VA Anlegg</i>				
Kryssing av veg/ reasfaltering m.m.	RS	1	15 000	15 000
Grøft VA (0,6x1,5 m)	m	75	2 000	150 000
Vassleidning 40 med mer PE	m	60	100	6 000
Spillvassleidning 110PVC	m	75	150	11 250
Bakkekran vassleidning	stk	1	30 000	30 000
Spillvasskum	stk	2	12 000	24 000
Slukkum overvatn	stk	8	10 000	80 000
Tilknytning VL an boring	RS	1	7 000	7 000
Tilknytning SP	RS	1	5 000	5 000
Spyling desifisering	RS	1	10 000	10 000
Innmåling	RS	1	5 000	5 000
Usikkerheit (15%)	RS	1	34 325	34 325
Rigg/drift (6%)	RS	1	20 595	20 595
Sum VA anlegg				398 170

ELKRAFT OG BELYSNING

Dokumentasjon, strømsøknad, koordinering	RS	1		50 000
Kabelgrøft. Tilførsel	lm	200	500	100 000
Kabelgrøft friområde	lm	500	500	250 000
Trekkekummer	stk	5	10 000	50 000
Kabel inkl. trekkerør. Tilførsel	lm	200	300	60 000
Kabel inkl. trekkerør. Friområde	lm	550	200	110 000
Jording	lm	550	100	55 000
Lysmaster inkl. armatur og fundament	stk	34	12 000	408 000
Fordelingsskap	stk	1	30 000	30 000
Sum elkraft og belysning (eks. mva)				1 113 000

PARKANLEGG*Grøntanlegg*

Jordutlegg, jordbearbeiding for grasareal	m2	12 620	100	1 262 000
Jordutlegg, jordbearbeiding for buskfelt	m2	820	90	73 800
Jordutlegg, jordbearbeiding for trær	stk	52	100	5 200
Tilsåing	m2	12 620	100	1 262 000
Planting av busker	m2	820	110	90 200
Planting av trær inkl. oppstøtting	stk	52	2 500	130 000

Veger, plasser, aktivitetsanlegg

Asfaltareal	m2	3 100	120	372 000
Faste dekker	m2	250	500	125 000
Sandvolleyballbane, avgrensing, sand	RS			100 000
Lekeplass, avgrensing, sand	RS			110 000
Flytebrygge	RS			150 000

Utstyr, møblering

Trampoline	RS	1		150 000
Lekeplassutstyr	stk	4	30 000	120 000
Idrettsapparater	stk	17	30 000	510 000
Basketballstativ	stk	1	10 000	10 000
Bordtennisbord	stk	1	10 000	10 000
Benker	stk	35	8 000	280 000
Bord	stk	5	8 000	40 000
Rekkverk	lm	75	1 500	112 500
Sum parkanlegg (eks. mva)				4 912 700

Kostnader trinn II (eks. mva)	6 423 870
--------------------------------------	------------------

Kostnader totalt (eks. mva)	19 782 870
------------------------------------	-------------------

V E D L E G G
Notat RIG-001 rev.01

Notat RIG-001 rev. 01

Oppdrag:	Nordøyrane friområde, forprosjekt	Dato:	10. oktober 2012 Rev. 01 23. oktober 2012
Emne:	Plastring og fylling	Oppdr.nr.:	614266
Til:	Multiconsult AS		Anne Siri Lingaas
Kopi:			
Utarbeidet av:	Svein Arne Haugen	Sign.:	<i>Svein Arne Haugen</i>
Kontrollert av:	Arne Stordal	Sign.:	<i>Arne Stordal</i>
Godkjent av:	Anne Siri Lingaas	Sign.:	
Sammendrag:	Foreliggende notat oppsummerer minimumskrav til plastringsstein og opparbeiding av fylling.		

1. Innledning

Multiconsult er engasjert av Eid kommune for å utarbeide forprosjekt for Nordøyrane friområde på Nordfjordeid. Foreliggende notat oppsummerer minimumskrav til plastringsstein.

2. Bakgrunn

På Nordøyrane ved Nordfjordeid skal det fylles ut for å opparbeide et friområde. Det er gjort geotekniske grunnundersøkelser på området av Grøner som er beskrevet i rapport 60056 datert januar 1985. I følge denne består massene på området i hovedsak av fast lagret ensgradert finsand. Grøner har gjort stabilitetsberegninger som viser at stabiliteten til en utfylling i området er tilstrekkelig.

3. Bølgehøyder

Gjennomsnittlig strøk er beregnet i henhold til damforskriftene /1/ til $F_e = 5,6$ km, se Figur 1. Dette gir en signifikant bølgehøyde $H_s = 2,0$ m, denne er multiplisert med en faktor på 1,6 for å finne dimensjonerende bølgehøyde $H_D = 3,2$ m.



Figur 1: Beregning av effektivt strøk

4. Plastringstein og filterlag

Ved bruk av /2/ gir dette følgende minimumskrav til plastringstein ved skråningshelning 1:1,5:

Minimumskrav til plastringstein:

Midlere sidekant: $S = 0,95 \text{ m}$

Vekt av stein: $W = 23 \text{ kN}$ (2,3 tonn, volum ca. $0,85 \text{ m}^3$)

5. Utførelse

Plastringsteinen skal legges med lengste akse normalt på skråningshelningen og ha forbandt i begge retninger. Plastringen legges ut med gravemaskin med en skråningshelning på ca. 1:1,5.

Som underlag for plastring skal det legges et overgangslag med tykkelse 0,5 m av stein uten finstoff. Vi anbefaler korngradering i området 50-200 mm for dette laget.



6. Fylling

For å etablere friområdet skal det fylles ut i sjøen. I tillegg til forskjellige aktiviteter er det også planer om et sanitærbygg på området. Der hvor sanitærbygget er planlagt bør de utfylte massene komprimeres, for øvrig kan massene legges ut uten komprimering.

I deler av området er det aktuelt å mudre for å øke dybden. Siden løsmassene består av sand kan dette gjøres ved sugemudring dersom løsmassene har liten nok attraksjon, hvis ikke må det benyttes grabb.

Der det er planlagt sandstrand må sandmassene separeres med fiberduk dersom det ligger grovkornede masser under, alternativt kan det legges et filterlag av pukkg/grus.

7. Referanser

/1/. NVE (1981): "Forskrifter for dammer"

/2/. Brun, Per (1976): "Port Engineering-second edition".

Prosjektmandat

Prosjektnr	Namn	Saknr
4610	Nordøyrane sør for Fargarelva	12/1858
Prosjektfase	Gjennomføring	
Oppdragsgjevar <i>Kommunestyret</i>	Oppdragsgjevar	
Politisk styringsgruppe <i>Samfunnsutviklingsutvalet</i>	Evt. politisk styringsgruppe	
Administrativ styringsgruppe <i>PA- Elin Leikanger</i>	Rådmann	
<i>Leiargruppa</i>	Prosjektansvarleg Evt. styringsgruppe	
Prosjektgruppe <i>PL- Einar Hessevik</i>	Prosjektleder Prosjektgruppe	
<i>Gerd Fløde Bjørlo, Tore Nyhammer-Taklo, Kristina Kostoupolos</i>		
Bakgrunn og forankring		
KS-64/09 Reguleringsplan for Nordøyrane sør for Fargarelva F-013/13 Godkjenning av forprosjekt KS-92/13 Opparbeiding av Nordøyrane friområde		
Hovudmål		
Resultatmål <i>Opparbeidd friområde i samsvar med reguleringsplanen</i>		
Effekt mål <i>Auka trivsel for innbyggjarane</i>		
Rammer		
Økonomi/finansiering	Beløp i kr	
<i>Ikkje finansiert. Førebels ramme 7,5 mill</i>		

Avgrensingar

Kva inngår i prosjektet?

Reguleringsendring (delprosjekt)

Entreprenørdialog

Detaljprosjektering og anbudsutlysing

Finansiering

- *Søknad om tettstadutviklingsmidlar*
- *Vurdere andre finansieringskjelder*

Dialog med Sagastad

Kva inngår ikkje i prosjektet?

Tangen i vest (ved Normatic) skal ikkje detaljprosjekterast og opparbeidast

Framdrift (milepælar og beslutningspunkt)

Ref.sak: Tertialrapportar til politisk styringsgruppe

MP – søknad om tettstadutviklingsmidlar

BP - Godkjenning av detaljprosjekt (rådmann) – mai 2014

BP – Vedtak om gjennomføring/Finansiering – des 2014

Opparbeiding – 2015/16.

	Dato
Godkjend	
Endring	

NORDØYRANE FRIOMRÅDE - GRILLPLASS M/PAVILJONG

OVERSLAG

Arbeid / utstyr	Mengde	Einingspris eks. mva	Sum eks. mva
Rigg og drift			kr 35 000
Fylling	2200 m3	kr 65	kr 143 000
Drenering / avløp			kr 22 000
Utlegging lausmasse	400 m2	kr 130	kr 52 000
Asfaltering veg	60 m2	kr 150	kr 9 000
Belysning	1 stk.	kr 30 000	kr 30 000
Benkar	13 stk.	kr 16 390	kr 213 070
Bord	5 stk.	kr 13 090	kr 65 450
Grill	3 stk.		kr 50 000
Bepanting			kr 15 000
Grasplen	300 m2	kr 37	kr 11 100
Belegningsstein	120 m2	kr 1 419	kr 170 280
Paviljong	1 stk.	kr 152 900	kr 152 900
Terrassegolv av tre	25 m2	kr 990	kr 24 750
Avfallsbeholdar	2 stk.	kr 9 750	kr 19 500
Sum kostnad grillplass			kr 1 013 050

Overslag er basert på lavaste tilbod

Eid kommune 19.05.2015 / Einar Hessevik

